



Prosjektplan

**Stimulere til meir produksjon
av potet og grønsaker.**

Gunnlaug Røthe, NLR Hordaland
Liv Lyngstad, NLR Hordaland

Prosjektplan

Stimulere til meir produksjon av potet og grønnsaker.

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Ei omlegging av kjøttproduksjon basert på grovfôr som har høgt klimagassutslepp til grønnsaks- og potetproduksjon som har lågt klimagassutslepp, vil redusere klimagassutsleppet frå landbruket i Hordaland, samstundes som ein held oppe matproduksjonen i fylket. Dette er eit av forslaga til tiltak for jordbruket i Hordland for å redusere klimagassutsleppa. Sjå rapporten: Kartlegging av klimabidrag og aktuelle klimatiltak i landbruket i Hordaland. Rivedal, S og Barcena, T. , 2014., Bioforsk Rapport Vol. 9 nr 135 2014 s. 7).

I dag er det få grønnsak- og potetprodusentar i Hordaland, samtidig registrerer vi ein aukande etterspurnad etter lokalproduserte grønnsaker og potet. NLR Hordaland har mellom anna fått fleire spørsmål frå gardsmatutsal, restaurantar, hotell med fleire om vi veit om lokale produsentar som kan levere ferske grønnsaker.

Det er også aukande interesse for andelslandbruk, og det kan vere aktuelt at for gardbrukar som ynskjer å starte opp med ei slikt tilbod å få rettleiing om mellom anna i grønnsakproduksjon.

1.2 Prosjekt mål

Auke grønnsaks- og potetarealet og tal produsentar i Hordaland med 25%. Styrka kompetanse på og motivasjon for grønnsaksdyrking i Hordaland.

1.3 Rammer

Prosjektet startar opp 01.01.2016 og vert avslutta i 31.12.2016. Prosjektet vil omfatte grønnsak- og potetproduksjon i heile Hordaland, men vi vil leggje vekt på å styrke dei små produsentmiljøa som vi har i dag. Prosjektet er tenkt finansiert med UTM-midlar frå fylkesmannen sin landbruksavdeling, tilskot frå Hordaland Fylkeskommune, Norsk Landbruksrådgiving og eigensinnsats frå NLR Hordaland.

2. OMFANG

Stimulere eksisterande produsentmiljø og trekkje med fleire aktuelle produsentar gjennom rådgjeving innfor dyrkingsteknikk, nettverksbygging, sal og marknadsføring. Skipa til kurs og fagmøte om økologisk og konvensjonell grønnsaks- og potetdyrking. Arrangere studietur for produsentane til produksjonsmiljø andre stader i landet.

Byggje relasjonar mellom produsent og kunde, mellom anna gjennom å stimulere til å etablere andelsjordbruk fleire stader.

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektleiing

NLR Hordaland er prosjekteigar.

NLR Hordaland v/ rådgjevar Gunnlaug Røthe er leiar for prosjektet.

NLR Hordaland v/ dagleg leiar, Liv Lyngstad er prosjektansvarleg.

Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med andre rådgjevingseiningar i NLR.

4. GJENNOMFØRING

4.1 Hovudaktivitetar

- Januar – april 2016. Oppstart av prosjekt. Marknadsføring. Informasjonsmøte.
- Vekstsesong 2016. Skipa til fagmøte og mark dagar med tema potet- og grønsakdyrking.
- Haust 2016 – vår 2107 Skipa til kurs i grønsakdyrking.
- Vekstsesong 2017. Skipa til studietur. Fagmøte og mardagar.
- November - desember 2017. Oppsummering, evaluering, sluttrapport.

5. ØKONOMI

Budsjett

Kostnadsoverslag

Arbeidstimar :	totalt 110 timar à kr. 700,-	= kr.	77 000,-
Prosjektleiing	10 timar		
Litteraturstudiar, drøftingar, møte fagmiljø	40 timar		
Uttak av prøver	45 timar		
Fagmøte	10 timar		
Sluttrapport	5 timar		
Utstyr for uttak av prøver, desinfisering mm		= kr.	10 000,-
Analysar av planter: 10 stk à kr. 900,-		= kr.	9 000,-
Analysar for nematodar: 25 stk a kr. 1500,-		= kr.	32 500,-
Fagmøte, lokale, annonsering mm		= kr.	5 500,-
Reise		= kr.	4 000,-
Administrasjonskostnader, telefon mm		= kr.	2 000,-
Totale kostnader		= kr.	140 000,-

Finansiering

Eigeninnsats NLR = kr. 60 000,-

Eigeninnsats samarbeidspartnarar	= kr.	10 000,-
Eigeninnsats produsentar	= kr.	10 000,-
Tilskot frå UTM midlar FMLA	= kr.	60 000,-
<hr/> Totale inntekter	= kr.	<hr/> 140 000,-

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Øystese, 15.10.2015.



Liv Lyngstad
Dagleg leiar